

Reguleringsplan for Fisketjønn



**del av gnr. 16 bnr. 1
i Fyresdal kommune**



Fyresdal Næringshage

3870 Fyresdal

Prosjekt – Nr.: 211

Dato: 12.11.2012

Tittel		
Forslag til reguleringsplan for Fisketjønn, del av gnr.16 bnr. 1 i Fyresdal kommune		
Prosjekt Nr.	Prosjektnamn	Sider
211	Fisketjønn	16
Prosjekttype		Dato
Detaljplan - hytter		12.11.2012
Prosjektansvarlig	Kvalitetskontroll:	Kontaktperson oppdragsgivar
Mona Gundersen	Gunhild Austjord	Stein Helge Lassemo
Ekstrakt		
<p>Planen omfattar regulering av 6 nye tomter for fritidsbustadar med tilhøyrande tilkomstveg og med middels sanitær standard samt vegar til eksisterande hytter ved Fisketjønn i Fyresdal kommune.</p> <p>Området er i gjeldande arealdel for Fyresdal kommune lagt ut til byggeområde for fritidsbusetnad.</p>		

Innhald

1	Bakgrunn	3
2	Planstatus	3
3	Varsel av planarbeidet	4
4	Føresetnader for planarbeidet	6
	4.1. Kartgrunnlag	6
5	Planomtale	8
	5.1. Generelt om arealet	8
	5.1.1. Landskap og vegetasjon	8
	5.1.2. Eksisterande bygg	9
	5.1.3. Veg og trafikktilhøve	9
	5.1.4. Grunnforhold	9
	5.1.5. Vatn	9
	5.1.6. Naturverdiar, biologisk mangfald	10
	5.1.7. Kulturminne	11
	5.1.8. Friluftsliv	11
	5.1.9. Skogbruksinteresser	11
	5.2. Planløysingar, vurderingar	12
	5.2.1. Samanstilling av registreringar/analyse	12
	5.2.2. Hytteplassering og omfang	13
	5.2.3. Byggjeskikk	14
	5.2.4. Tilkomst, planlagde vegar og parkering	14
	5.2.5. Turveg	14
	5.2.6. Omsynet til born og unge	14
	5.2.7. Vatn, renovasjon og straum	14
	5.2.8. Fareområde	14
	5.2.9. Risiko og sårbarheit	15
	5.2.10. Konsekvensar av planframlegget	16

1 Bakgrunn

Bakgrunn for planarbeidet er hytteeigarars ynskje om vegar fram til hyttene, og grunneigars ynskje om å bidra til dette, samt fortette med 4-5 tomter i feltet. Eigar av gnr 16 og bnr 1 er Stein Helge Lassemo, som og har vore kontaktperson for utarbeiding av detaljplanen.

Målet med planarbeidet er å legge til rette for utbygging av vegar og inntil 5 nye tomter for fritidsbustader med middels sanitær standard.



Bilete 1: Raud avgrensing er området for reguleringsplan Fisketjønn.

2 Planstatus

I kommuneplanen sin arealdel for Fyresdal kommune, er området lagt ut til Byggeområde for fritidsbustad, med krav om detaljregulering.


Overordna planar og retningslinjer:

Nasjonale

- St. meld. Nr. 26 (2006 – 2007): Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand
- St. meld. Nr. 21 (2005 - 2006): Hjarte for heile landet. Om distrikts- og regionalpolitikken
- Rettleiar T – 1450: Planlegging av fritidsbebyggelse
- Andre aktuelle retningslinjer

Relevante planar

Kommuneplan for Fyresdal kommune, vedtatt 23.09.2004.



Bilete 2: Område ○ er planområde; Utsnitt, kommuneplanens arealdel

3 Varsel av planarbeidet

AT Plan har vore i dialog med Fyresdal kommune i førekant av arbeidet, og fekk klarsignal om oppstart av planarbeidet.

Naboar, hytteeigar, Fyresdal kommune og regionale myndigheitar vart varsla 21.06 2012, med frist for innsending av innspel 10.08.2012. Planarbeidet vart i tillegg kunngjort i Vest-Telemark blad og på heimesida til Fyresdal kommune.

Det har kome inn fylgjande innspel til planarbeidet:

Fylkesmannen i Telemark minnar om kravet om analysar av risiko og sårbarheit gjeld for alle planar for utbygging etter plan og bygningslova, jfr. § 4-3.

Kommentar: Innspelet er teke til vitande. ROS analyse er ein del av plandokumentet. Kap. 5.2.9.

Telemark fylkeskommune vil minne om kravet til registreringa av automatisk freda kulturminne. Dei ber og at ein er spesielt merksam på fjernverknad og silhuett ved plassering av hytter i terrenget.

Kommentar: Innspelet vert lagt til grunn i planarbeidet. Kulturminne registreringar vart foretatt i oktober 2012 utan funn av automatisk freda kulturminner.

Renovest IKS ber om at planen sikrar tilkomst til returpunkt eller naudsynte hentepunkt for renovasjon og septik-/slamtømming i vidaste forstand.

Kommentar: Innspelet er teke til vitande, returpunkt er etablert i avkøyringa frå Riksvegen.

Anne Skjævestad har ynskje om at vegutbygginga blir så liten som mogleg, og at nødvendigheten for tilkomst og konsekvensar for landskapet vurderast nøye før det opnast for veg til kvar tomt.

Kommentar: Innspelet er teke til vitande.

Helge Lund har ynskje om dei nye tomtene blir fordelt slik at det opprinnelege preget i feltet blir oppretthaldt.

Kommentar: Innspelet er teke til vitande.

Kjell Hugo Haugen er positiv til utbygging av vegar i feltet, forutsett at det gjerast skånsamt og med så begrensa omfang som mogleg. Han finn ei tiltetting med 5 tomter som betydelig og ber om å få opplyst kor dette vil kome. Han ynskjer og moglegheit for garasje/båthus på/inntil si tomt.

Kommentar: Innspelet er teke til vitande.

Torgeir Neset ber om at vinter- og sommarløype gjennom området sikrast ved innregulering, samt at det settast rekkefylgjebestemmelse om opparbeidd løypetrasse for preparering på lite sno og evt nye løypetrassar. Han meiner det bør vere rekkefylgjebestemmelse, om at nye tomter ikkje kan byggjast før det er etablert ein solid bruforbinding over åa. Han meiner og at kommunen bør utarbeide krav til opparbeiding av sommar- og vinterløypenett i nye og omregulerte hyttefelt i kommunen.

Kommentar: Innspelet er teke til vitande. Løype er regulert inn der den kryssar planområdet.

4 Føresetnader for planarbeidet

4.1. Kartgrunnlag

Kartgrunnlag som er nytta for området er økonomisk kartverk og FKB – data med 1 meter ekvidistanse. Feltarbeidet er utført med GPS/PDA for plassering av vegar og tomter.

Ortofoto er nytta som grunnlag i planarbeidet, samt innsynstenestar/WMS tenestar:

- Artsdatabanken (www.artsdatabanken.no),
- Skog og Landskap (www.skogoglandskap.no),
- Direktoratet for naturforvaltning (www.dirnat.no),
- Norges geologiske undersøkelse (www.ngu.no, Berggrun, ..),
- Riksantikvaren (www.riksantikvaren.no),
- NVE (www.nve.no, Skrednett).

Plankartet er utarbeidd i digital form på SOSI- format.



Bilete 3: Flyfoto over området (frå www.norgebilder.no)



Bilete 4: Fisketjønn sett frå sør (Virtual globe)

5 Planomtale

5.1. Generelt om arealet

Planen avgrensast i nord av Osen og Tovslielva. I aust er område avgrensa langs grensa mot naboeigedomen. I sør går grensa langs kanten av Bergemyra og ned mot nordenden av Fisketjønn. I Vest går grensa langs vegen til Birte og fylgjer veg til eigedomsgrensa i vest.



Bilete 5: Planområde sett frå tomt nr 23 mot Kvipt.

5.1.1. Landskap og vegetasjon

Planområdet går inn under landskapsregionen Dal- og fjellbygder i Telemark og Aust-Agder. Området vendar seg mot sørvest i det sørlege hjørnet og mot nordvest i resten av planområdet. Område er småkupert med fleire opne myrparti og den nordaustlige delen er terrenget delt i «hyller» nedover lia. Område har uproduktiv og lågbonitet skog, bestående av ei blanding av gran, furu og bjørk. Feltvegetasjon er prega av blåbærlyng og røsslyng samt gras i myrpartia.



Bilete 6: typisk vegetasjon i planområdet.

5.1.2. Eksisterande bygg

Området er ei utviding av eksisterande hyttefelt som inneheld 15 eksisterande hytter og tre tomter som ikkje er bygd på(10, 11 og 17). Dei utbygde hyttene er godt plassert i terrenget.

På nabo eigedomen i aust er det 9 eksisterande hytter, og vest for område er det ein reguleringsplan for 57 nye hytter og 15 eldre hytter.

5.1.3. Veg og trafikktilhøve

Området har i dag tilkomst frå Fv 401 via privat veg til område. Vegen er heilårsopen.

5.1.4. Grunnforhold

Lausmassene i område består for det meste av tynn morene, i nordaustre del av planområde er det tykk morene.

Berggrunn består av diorittisk til granittisk gneis og migmatitt.

Det er myrparti mot vegen i vest og langs plangrensa i aust.

5.1.5. Vatn

Planområde grensar ned mot Osen (Birtevatn) og Tovslåa i nord. Sørvest for planområdet ligg Fisketjønn, frå denne renn ein bekk nordover gjennom planområdet og ut i Osen. Vest for planområdet ligg Birtevatn.



Bilete 7: Osen

5.1.6. Naturverdiar, biologisk mangfald

Per 11.09.2012 er område registrert som leveområde for villrein på Direktoratet for naturforvaltning si naturdatabase. Naturbase har ingen andre registreringar i eller i nærleiken av område. Direktoratet for naturforvaltning har også ei kartløyssing for utvalte naturtyper og prioriterte arter med økologisk funksjonsområde, den hadde ingen registreringar i eller i nærleiken til område per 11.09.2012. Artsdatabanken har per 11.09.2012 ingen registreringar av artar som står på raudlista. Det finnes ikkje MiS registreringar i eller i umiddelbar nærleik til område. Område kjem inn under område for verna vassdrag, område vest for Fyresvatn i verneplan III for verna vassdrag.

Ut i frå den kunnskapen vi har hatt tilgjengelig vurderast den som tilstrekkelig slik at føre-var-prinsippet gjer seg lite gjeldande i dette område.

Område er allereie i bruk som hytteområde og dei nye tomtene og vegane er søkt plassert slik at dei ikkje vil utgjere noko stor endring i høve til påvirkning på økosystem, naturtyper eller arter. Ein er ikkje kjent med andre framtidige tiltak en dei som er omtala i denne planen. Om hytter og veger byggjast etter same prinsipp som det eksisterande, vurderast det til ikkje å vere behov for å sette andre vilkår enn det som framgjeng av føresegnene til planen. En meiner å ha plassert tomtene på dei best eigna plassane innafor planens avgrensing.

5.1.7. Kulturminne

Kulturminnevernet undersøkte område i oktober 2012. Det vart ikkje funne automatisk freda kulturminne i område.

5.1.8. Friluftsliv

Det er satt av areal for turveg sommar og vinter frå bru over utløpet av Osen og til kryssing av vegen. Hyttfeltet vil ikkje kome i konflikt med areal som i dag er nytta til friluftsliv. Det er under utarbeiding ein sti og løypeplan for Birtedalen, turvegen som er planlagt gjennom område er ein del av det planlagde samanhengande løypenettet i Birtedalen.

Turvegen er meint å kunne opparbeidast til universelt utforma standard, det inneber eit toppdekke av grus med ein bredde på minimum 3 meter. Stigninga bør maks vere 1:12 over 100 m.

5.1.9. Skogbruksinteresser


I fylgje databasen til skog og landskap består skogen av lågbonitet skog og uproduktiv skog. Det har nyleg vore hogst i området i dei delane med låg bonitet skog. Hogsten er gjort skånsamt og har bedra utsiktsforholda i området.

Det er ingen kjente MIS registreringar i område.

5.2. Planløsningar, vurderingar

5.2.1. Samanstilling av registreringar/analyse

I kartet under har ein kartfesta og lagt saman dei ulike registreringane.



Bilete 8: Registreringskart

5.2.2. Hytteplassering og omfang

Planen gjer framlegg om detaljregulering av 6 nye fritidsbustader med tomter på mellom 1 og 2,5 daa, heile planområde er på om lag 243 daa og er regulert til følgjande formål:

Bebyggelse og anlegg

Fritidsbusetnad	29,5 daa
Garasjeanlegg	0,5 daa
Andre typer busetning og anlegg	0,5 daa

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Køyreveg	16,5 daa
Parkering	0,3 daa

Grønnstruktur

Turveg	1,2 daa
--------	---------

Landbruks natur og friluftsmål

LNF	194 daa
-----	---------

Da planarbeidet vart varsla ble det nemnt ei fortetting på inntil 5 tomter, undervegs i planarbeidet har ein funnet fleire fine tomter enn dette. Tomt nr 10 i gjeldande disposisjonsplan er tatt ut og erstatta med areal for garasjeanlegg knytt til tomt nr 9. Det gjer at den reele fortettinga bare blir 5 tomter. 6 nye tomter gir fortsatt rom for mykje areal i mellom tomtene, og i store delar av planområdet vil vegen vere den einaste endringa i høve til dagens situasjon. Ein vel derfor å fremme eit planforslag med 6 nye tomter.

Tomtene er søkt plassert med omsyn til innkomne innspel, føringar i overordna kommuneplan, landskap og omgjevnader.

Planområde er vendt mot sørvest og mot nordvest. Soltilhøva i område er gode.

Dei nye tomtene er hovudsakleg plassert i den nordlege halvdel av planområdet. Tomt nr 11 og 17 er ubebygde tomter som er vidareført frå gjeldande disposisjonsplan. Tomtene 18 – 22 er nye, planlagde tomter. Tomt 18 er lagt nord for vegen mot Osen ein avsats lågare enn tomt 14. Tomt 19 ligg i øvre delar av ein rygg som flatar av mot myrpartiet sør for tomta. Tomt nr 20 er plassert på langs vegen (V2) der den rundar eit lite høgde sprang. Tomt 21 og 22 ligg på ein avsats ovafor eksisterande hytte 6 i enden av V2. Tomt 23 ligg aust for myrdraget som strekker seg inn forbi hytte 2 på eit platå i lia.

5.2.3. Byggjeskikk

Ved plassering av busetnad i planområdet har ein søkt å ta omsyn til landskap og stadeigne tilhøve. Reglar om byggjeskikk og grad av utnytting fylgjer føresegnene i kommuneplan for Fyresdal kommune. Det er ynskje om å kunne oppføre anneks/uthus på inntil 30 m². Terrenget i området godt egna til hyttebygging og ved god plassering av anneks/uthus meiner ein dette ikkje vil gå utover kvaliteten i området. Det er tenkt brukt ein hyttekatalog som har anneks på 22 -30 m². Om ein elles er nøye med å fylgje reglane om byggjeskikk, meiner ein dette forsvarar å gå utover dei retningslinjene som er sett i kommuneplanens arealdel.

5.2.4. Tilkomst, planlagde vegar og parkering

Området har eksisterande vegtilkomst frå Fv 401. Det planleggast for tre nye vegar i område. I krysset Birte-Solliåsen går det av ein veg (V2) austover til eksisterande hytte (16/111), denne er forlenga for å betene hyttene nord og aust for det høgaste punktet i planområde. Vegen går austover om lag midt i lia og svingar seg opp og vestover langs eit myrdrag aust i planområdet. Sør i feltet er det planlagt veg (V3) med utgangspunkt i eksisterande parkeringsplass. Denne vegen forgreinar seg og betener to grupper på tre hytter kvar. Det er planlagt felles parkeringsplass for dei tre hyttene lengst vest langs denne vegen. Mellom vegen til Solliåsen og Osen ligg det i dag tre hytter, her er det planlagt veg (V4) aust for hytte nr 14 ned til ny tomt nr 18.

5.2.5. Turveg

Det er regulert inn areal for turveg frå bru over utløpet av Osen vestover langs Osen før den svingar sørover langs eigedomsgrensa i vest. Her er det i Sti og løypeplan for Birtedalen som er under utarbeiding som har planar om skiløype og universelt utforma turveg for sommarbruk.

5.2.6. Omsynet til born og unge

Høve til frileik og flotte naturområde vil vere den største kvaliteten for tomtene på Fisketjønn. Ein ser det ikkje som naudsynt med særskild tilrettelegging i høve til born og unge ut over dei kvalitetene området gjev frå naturen si side.

5.2.7. Vatn, renovasjon og straum

Det planleggast for middels sanitær standard, med innlagt vatn og utslepp av gråvatn og innlagt straum. Som toalett skal det nyttast biodo. Hytter renovasjon for området ligg ved avkøyringa frå Fv 401, og er felles for alle hyttene langs vegen til Birte.

5.2.8. Fareområde

Aktsamheitskart for snøskred og steinsprang frå NGU viser ingen fareområde innafor planområde.

5.2.9. Risiko og sårbarheit

Det ligg ikkje føre radonmålingar i området. Etter nye byggereglar som trådde i krav 1. juli 2010, er det krav om radonsperre.

Sjekkliste - Risiko og sårbarheitsundersøking			
Emne	Forhold eller uønsket hending	Vurdering	
		Nei	Ja og merknad
Naturgitte forhold	Er det området utsatt for snø- eller steinskred?	X	
	Er det fare for utgildning (er området geoteknisk ustabil?)	X	
	Er det området utsatt for springflod/ flom i sjø/vatn?	X	
	Er det området utsatt for flom i elv/bekk, herunder lukket bekk?	X	
	Er det radon i grunnen?		
	Annet (angi)	X	
Infrastruktur	Vil utilsktede/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer, utgjøre ein risiko for området?	X	
	• (event. beskriving)		
	Vil utilsktede/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe i nærliggande virksomheter (industri fortak etc.), utgjøre ein risiko for området?	X	
	• (event. beskriving)		
	Dersom det går høgspenlinjer ved/gjennom området:	X	
	Er det spesielle fare forbundet med bruk av transportnett for gåande, syklande og kjørande innanfor området?	X	
	• (event. beskriving)		
Tidligare bruk	Er det mistanke om forurensning i grunnen frå tidligare virksomheter?	X	
	• (event. beskriving)		
Omgivelser	Er det regulerte vannmagasiner i nærleiken, med spesiell fare for usikker is?	X	
	Finnes det naturlige terrengformasjonar som utgjør spesiell fare (stup etc.) ?	x	
	• Anna (angi)		

5.2.10. Konsekvensar av planframlegget

Planframlegget legg opp til etablering av 6 nye tomter i eksisterande hytteområde, samt vegar fram til nye og eksisterande tomter. Det er planlagt for hytter med middels sanitær standard og gråvassutslepp. Tomtane er plassert med omsyn til landskapet og dei naturgjevne tilhøva i området. Det vil framleis vere godt med plass mellom tomtene og området vil i stor grad oppretthalde dagens preg. Vegane er søkt plassert på naturlige plassar i terrenget som gjer minimal eksponering.

Det er lagt inn 50 meters byggjegrænse mot vatnet og Tovslåa, der vegen ikkje ligg nærare vatnet.

Utbygginga vil framstå som lite dominerande i landskapet samla sett.

Fyresdal 12.11.2012

For AT Plan as

Mona Gundersen

Mona Gundersen

Utmarksforvalter

Gunhild Austjord

Jordskifte kandidat

Reguleringsføresegner for Fisketjønn, Del av gnr. 16 bnr. 1 i Fyresdal Kommune

12.11.2012

Føresegnene gjeld for område innanfor planavgrensing i plankartet. Føresegnene er gjevne i medhald av Plan- og bygningslova § 12-7.

Reguleringsføresmål (PBL. § 25)

- | | |
|---------------|---|
| PBL § 12-5,1 | <u>Bygningar og anlegg</u> <ul style="list-style-type: none">- Fritidsbusetnad- Garasjeanlegg for bustad og fritidsbusetnad- Andre typer bebyggelse og anlegg |
| PBL § 12-5, 2 | <u>Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</u> <ul style="list-style-type: none">- Køyreveg- Parkeringsplasser |
| PBL § 12-5, 3 | <u>Grønnstruktur</u> <ul style="list-style-type: none">- Turveg |
| PBL § 12-5, 5 | <u>Landbruks-, natur- og friluftslivformål</u> <ul style="list-style-type: none">- LNF – generelt |

§ 1 Fellesføresegner

- 1.1. Saman med byggjesøknad skal det liggje ved situasjonskart som syner plassering av bygningar på tomta saman med tilkomst og parkeringsareal. I tillegg skal det leggjast ved snitt/ profilerar som syner byggjets plassering i terrenget med alle høgder og mål (jfr. TEK kap IV).
- 1.2. Renovasjonsordning skal fylgje det som til ei kvar tid er gjeldande for kommunen.
- 1.3. Naturlege vegetasjonssoner langs vatn og vassdrag skal søkjast ivaretatt. Hogst i områda skal gjerast skånsamt. Gamle tre skal ivaretakast.
- 1.4. All graving i terrenget skal utførast skånsamt. I område som ikkje skal nyttast til kommunikasjonsareal (veg, parkering og liknande) skal terrenget førast attende. Skjeringar og fyllingar skal dekkast med jord eller anna revegeterande masse etter avslutta anleggsarbeid.

- 1.5. Innafor planområdet er det tillete å føre fram infrastruktur til feltet; kablar og tekniske anlegg. Framføring av leidningar knytt til vatn og avlaup, kabelgrøfter for straum, fiber, tele, osv. bør følgje trasear for køyreveggar, og anleggast parallelt, helst som anlegg i bakken.
- 1.6. Det er ikkje høve til å setje opp gjerde/ hekk eller flaggstenger innanfor området.
- 1.7. Det kan borast etter drikkevatt i området.
- 1.8. Det opnast for innlagt vatn med gråvassutslepp, utsleppsløyve må vere godkjent før vatn kan leggjast inn. Som toalett skal det nyttast biodo.
- 1.9. Etter at planen er godkjend er det ikkje høve til å etablere private avtaler i strid med planen.

§ 2 Bygningar og anlegg

Fritidsbusetnad

- 2.1. Hyttene skal tilpassast terrenget, og eksisterande terreng og vegetasjon skal ein ta vare på i størst mogeleg grad.
- 2.2. Ikkje bygde delar av tomta skal gjevast ei tiltalende utforming.
- 2.3. Bygningane skal harmonere med omgjevnadane når det gjeld utforming, materialval og fargeval. Bygningar på same tomt skal harmonere ilag.
- 2.4. Synleg del av grunnmur skal ikkje overstige 0,8 meter. Plassering av bygningar på tomta skal ikkje medføre planering av terreng på over 1 meter.
- 2.5. Hyttene skal plasserast slik at den kjem innom symbol for bygning på plankartet.
- 2.6. Samla bebygdareal (BYA) for kvar tomt skal ikkje overstige 120 m². BYA kan delast på to bygg, med anneks/uthus på inntil 30 m². Parkering er ikkje inkludert i BYA.
- 2.7. I tillegg til samla tillete BYA kan det førast opp uisolert uthus på inntil 15 m².
- 2.8. Bygningane skal leggjast slik at dei til saman dannar eit tun.
- 2.9. Alle bygg skal målast eller beisast i mørk-/ naturtilpassa farge og skal ha taktekking fortrinnsvis av torv alternativt mørk taktekking som ikkje reflekterar.
- 2.10. Fritidsbustadane skal ha ei maksimal gesimshøgde på 3,0 m og maksimal mønehøgde på 5,5 m.
- 2.11. Uthus og anneks kan ha ei maksimal gesimshøgde på 3,0 m og mønehøgde på maks 4,5 m.
- 2.12. Alle bygningar skal ha saltak, takvinkelen skal vere mellom 22-30 grader.
- 2.13. Mellom pilarane skal det stengjast av med material av tre eller stein, for å hindre mot vilt og beitedyr.

Garasjeanlegg

- 2.14. På areal avsett til garasjeanlegg er maks tillete BYA 50 m².

Andre typer bebyggelse og anlegg

- 2.15. På areal avsett til andre typar bebyggelse og anlegg er det tillete å sette opp lager/garasje til løypeutstyr, maks tillete BYA 70 m².

§ 3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- 3.1. Opparbeiding av private vegar i området er søknadspliktig.
- 3.2. Regulerte vegar kan byggjast med total bredde på 7 meter, der 4 meter utgjør køyrebane.

§ 4 Grønnstruktur

- 4.1. Areal avsett til turveg kan opparbeidast til universelt utforma standard innafor ei total bredde på 5m.

§ 5 Landbruks-, natur- og friluftsområde

- 5.1. Fjerning av vegetasjon i området skal gjerast skånsamt og i samband med skjøtsel eller tilrettelegging som fremjar friluftslivet og bruken av området til rekreasjon.